

Hei, kan du få lagt dette til saka?

Beste helsing  
Jan  
905 66 623


---

**Fra:** Kristin Maurstad <kristin.maurstad@kinn.kommune.no>  
**Sendt:** tirsdag 7. juli 2020 09:44  
**Til:** Jan Heggheim <Jan.Heggheim@vlfk.no>  
**Emne:** VS: Oppdragsbrev 2020 Kommunale næringsfond – tilskot til Vestland

Hei,

Fekk melding om ferie frå Harald Offerdal, sender derfor denne direkte til deg også.

Sjå under.



Helsing  
**Kristin Maurstad**  
Kinn kommune  
Kommunalsjef innovasjon og utvikling  
  
**Telefon** 412 34 049  
**E-post** [kristin.maurstad@kinn.kommune.no](mailto:kristin.maurstad@kinn.kommune.no)  
[www.kinn.kommune.no](http://www.kinn.kommune.no)

---

**Fra:** Kristin Maurstad  
**Sendt:** 7. juli 2020 09:43  
**Til:** 'Harald.Norvald.Offerdal@vlfk.no' <[Harald.Norvald.Offerdal@vlfk.no](mailto:Harald.Norvald.Offerdal@vlfk.no)>  
**Emne:** VS: Oppdragsbrev 2020 Kommunale næringsfond – tilskot til Vestland

Til Vestland fylkeskommune v/Harald Offerdal og Jan Heggheim,

Viser til mottatt oppdragsbrev for kommunale næringsfond, med informasjon om prosess vidare.  
Kinn kommune vil påpeike at vi ikkje mottok ordinære midlar til kommunalt næringsfond for 2020, og at behovet for midlar derfor er stort hos oss.

Vi har ein rest frå næringsfonda i Vågsøy og Flora kommunar, som kommunestyret har vedtatt å lyse ut i mangel på "nye" midlar. Vi ser eit stort behov for midlar, og fleire søknader er varsle allereie første veka etter utlysing.

Næringselskapet Aksello AS har fått delegert mynde til å forvalte midlane, via eit fondsstyre. Vi har derfor eit apparat med god kapasitet til å forvalte midlane.

Aksello AS har også på oppdrag frå kommunen utført beredskapsarbeid for næringslivet i Covid 19-situasjonen, og har fått tilbakemeldingar om utfordringane som finst.

Vi ser også eit stort behov for midlar til utviklingsarbeid innan reiseliv.

Vi ber om at dette innspelet blir vidareformidla til hovudutval for næring før behandlinga 16.07.2020.

Med vennleg helsing  
Kristin Maurstad, kommunalsjef innovasjon og utvikling, Kinn kommune

Denne e-post med eventuelle vedlegg er meint for den institusjon eller person den er retta til og kan innehalde lovbestemt teieplikt. Om e-posten er feilsendt, ver venleg å slett den og kontakt avsendar. Kinn kommune er ikkje ansvarleg for direkte eller indirekte tap som fylgje av denne e-posten, av dette som fylgje av virus eller datafeil.



**Adresse**

Postboks 294  
6701 MÅLØY  
Sentralbord: 57 75 60 00  
Telefax: 57 75 60 01

**Web/Epost**

[post@kinn.kommune.no](mailto:post@kinn.kommune.no)  
[www.kinn.kommune.no](http://www.kinn.kommune.no)

**Info**

Bankgiro:  
Org.nr.: 820 956 532

---

**Fra:** Vestland fylkeskommune v/Harald Norvald Offerdal ([Harald.Norvald.Offerdal@vlfk.no](mailto:Harald.Norvald.Offerdal@vlfk.no))

**Sendt:** 03. juli 2020 00:00

**Til:** Kristin Maurstad

**Kopi:** Ola Teigen; Terje Heggheim;

**Tittel:** Oppdragsbrev 2020 Kommunale næringsfond – tilskot til Vestland

Se vedlegg: Oppdragsbrev 2020 Kommunale næringsfond – tilskot til Vestland

---

**Frå:** Harald Norvald Offerdal <Harald.Norvald.Offerdal@vlfk.no>  
**Send:** fredag 3. juli 2020 14:14  
**Til:** Kommunar i Vestland fylke - postmottak  
**Emne:** Til postmottak: Hastar! Ber om at denne eposten snarast blir vidaresendt ordførar og rådmann.

### **Oppdragsbrev 2020 Kommunale næringsfond – tilskot til Vestland**

Til ordførarar og rådmenn i Vestland fylke. Dette er status med tanke på ekstraløyvingane til kommunane.

Oppdragsbrev er motteke frå departementet 22. juni  
Kommunane er orienterte om ordninga og framdrift 29. juni  
Mellombels forskrift for kommunale næringsfond er motteken 1. juli

Vestland fylkeskommune er, til liks med departementet, opptekne av å få sett midlane i arbeid i konkrete hjelp til næringslivet som er råka av korona-pandemien.  
Fylkesdirektøren har difor prioritert arbeidet med kriterium for fordeling av midlane, og har landa på ei fordeling på 70% ut frå distriktsindeksen, fakta omkring arbeidsløyse og permitteringar i utvalde næringar. 30% er fordele ut frå skjønn. Viktige faktorar for utveljing av kommunar som får midlar ut frå skjønn er stor aktivitet innan reiseliv, leverandørverksemeld mot olje/gassrelatert industri. Vi har også teke omsyn til om kommunane sjølve disponerer store fond i form av inntekter frå energiproduksjon. Den skjønsbaserte tildelinga er arbeidskrevjande.

Fylkesdirektøren har ut over dette lagt vekt på at kommunane har eit apparat med tilstrekkeleg kapasitet og kvalitet til å omsetje midlane i effektive tiltak. Kommunane har svært ulike tradisjon på forvaltning av næringsfond. Vi føler vi har god dialog med kommunane, ikkje minst gjennom dei faste møta. Mange kommunar har gode prosjekt som kan setjast i gang raskt. Fylkeskommunen har god dialog med departementet, som sjølv sagt også er utoftolmodige etter å få sett midlane i arbeid.

Fylkesdirektøren godkjenner sak seinast 3. juli, og har valt å sikre regional politisk forankring ved å handsame fordelinga i hovudutval for næring. Mange har begynt på ferien, og første høve utvalet kan møtast er 16. juli. Tildelingsbrev blir sendt fredag 17. juli.

Fylkesdirektøren legg ikkje opp til å gje råd til kommunane om korleis dei skal handsame tildeling av midlar, men legg vekt på at dette skjer så fort som råd. Nokre kommunar har gode prosjekt som er klare, andre treng meir tid. Vi er på dette tidspunktet midt i sommarferien, og må berre godta at kapasiteten er lågare enn elles.

Vi vonar dette er tilstrekkeleg oppdatering for politisk og administrativ leiing i kommunen, og tek naturleg nok etterhald med tanke på at politisk handsaming den 16. juli.

God helg!

Med helsing

**Jan Heggheim**  
Fungerande fylkesdirektør  
Fagdirektør ekstern strategisk kontakt

Avdeling for innovasjon og næring



tlf.: +47 905 66 623  
[www.vestlandfylke.no](http://www.vestlandfylke.no)

*Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalfort.*